



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Førebygging av seksuelle overgrep mot barn

Prevention of Child Sexual Abuse

Kandidatnummer 458

Bachelor i sosialt arbeid

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

Institutt for velferd og deltaking

16. mai 2022

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

Forord

Bacheloroppgåva er ei avrunding av mi utdanning i sosialt arbeid ved Høgskulen på Vestlandet, Sogndal. Det har vore lærerikt og spennande å fordjupe seg i temaet førebygging av seksuelle overgrep mot barn. Mi interesse for barn og unge sin oppvekst har gjennom skriveprosessen og studie blitt forsterka. Eg har tileigna meg ny kunnskap gjennom denne prosessen.

Skriveprosessen har vore både krevjande, utfordrande og spennande. Eg vil gjerne takke fleire rundt meg, som har støtta og oppmuntra meg gjennom skrivinga. Først vil eg takke rettleiaren min for gode tilbakemeldingar. Vidare vil eg også spesielt takke dei som har hjelpt meg i slutfasen, både med motiverande ord og tilbakemeldingar på oppgåva mi. Avslutningsvis vil eg takke Høgskulen på Vestlandet, Sogndal for tre lærerike studieår.

Samandrag

Tittel – Førebygging av seksuelle overgrep mot barn.

Formål – I denne oppgåva ynskjer eg å sjå nærare på førebygging av seksuelle overgrep mot barn i grunnskulen. Eg ynskjer å belyse nokre tiltak som finst og korleis skulebaserte førebyggingsprogram fungera.

Problemstilling – Korleis førebyggje at barn blir utsette for seksuelle overgrep?

Metode – I oppgåva har eg nytta meg av litteraturstudie som metode for å sjå på kva forkinga seier om førebygging av seksuelle overgrep mot barn i skulen.

Resultat – Hovudfunna viser ulike læringsmål og metodar som blir brukt i skulebaserte førebyggingsprogram. Vidare viser dei målgrupper og nokre evalueringar av programma.

Konklusjon – Resultata viser at det finst mange forskjellige førebyggingsprogram mot seksuelle overgrep mot barn. Programma er retta både mot barn som potensielle offer og barn som potensielle lovbrutarar. Programma viser store forskjellar, både i val av leveringsmetode og korleis programma blir evaluert. Det er naturleg å anta at det krevst meir forking på dette temaet.

Abstract

Title – Prevention of child sexual abuse.

Purpose – In this assignment I want to look at the prevention of sexual abuse of children in primary school. I would like to enlighten some of the existing measures and how school-based prevention programs work.

Issue – How to prevent children from being sexually abused?

Method – In this thesis I have used literature study as a method to study what research says about the prevention of sexual abuse of children in school.

Result – The results shows different learning goals and methods that are use used in school-based prevention programs. Furthermore, they show target groups and some evaluations of the programs.

Conclusion – The results shows that there are many different prevention programs against sexual abuse of children. The program is aimed at both children as potential victims and children as potential offenders. The program shows major differences, both in the choice of delivery method and how the program is evaluated. It is natural to assume that more research was required on this topic.

Innholdsliste

Forord	2
Samandrag.....	3
Abstract	4
1. Innleiing.....	7
1.1. Bakgrunn for valet og forforståing	7
1.2. Problemstilling.....	8
1.3. Avgrensing	8
1.4. Oppbygging av oppgåva	9
2. Teori.....	9
2.1. Førbygging	9
2.1.1. Tre nivå i førbygging.....	9
2.1.2. Førbygging i skulen	10
2.2. Seksuelle overgrep mot barn (CSA).....	11
2.2.1. Utsette barn	11
2.2.2. Kven er lovbrytarar?	12
2.3. Førbygging av seksuelle overgrep	12
2.3.1. Primærførbygging	13
2.3.2. Sekundærførbygging.....	14
2.3.3. Tertiærførbygging	14
3. Metode	14
3.1. Val av metode.....	14
3.2. Litteraturstudie som metode	15
3.3. Val av litteratur	16
3.4. Datainnsamling.....	16
3.4.1. Kjeldekritikk.....	17
4. Resultat og presentasjon av funn.....	18
4.1. Introduksjon av artiklar	18
4.1.1. Anne's Secret: Teaching Children to Protect Themselves from Child Sexual Abuse Using Animated Cartoons	18
4.1.2. Prevention of Child Sexual Abuse: Analysis and Discussion of the Field.....	19
4.1.3. Responsible Behavior with Younger Children: Examining the Feasibility of a Classroom-Based Program to Prevent Child Sexual Abuse Perpetration by Adolescents	19

4.1.4. School-Based Childhood Sexual Abuse Prevention Programs: An Integrative Review	20
4.2. Samansetting av resultat	20
4.2.1. Innhold og læringsmål.....	20
4.2.2. Undervisningsmetode.....	21
4.2.3. Målgrupper	22
4.2.4. Effektiviteten av førebyggingsprogram	23
5. Drøfting.....	23
5.1. Innhold og læringsmål	24
5.1.1. Kunnskap om CSA	24
5.1.2. Sjølvbeskyttelses strategiar og støttesystem	25
5.2. Undervisningsmetode.....	25
5.2.1. Leveringsmetode.....	26
5.4. Målgrupper	27
5.4.1. Barn	27
5.4.2. Fagpersonar	28
5.4.3. Foreldre.....	28
5.3. Effektiviteten av førebyggingsprogram.....	29
6. Avslutning og konklusjon.....	29
7. Litteraturliste.....	31
8. Vedlegg.....	35
Vedlegg 1: Søkjelogg.....	35
Søkjeord	35
Søk og funn i databasar.....	35
Søkjelogg for artiklane i oppgåva.....	37
Vedlegg 2: Kritisk vurdering av artiklane	38
Artikkel 1: Anne’s Secret: Teaching Children to Protect Themselves from Child Sexual Abuse Using Animated Cartoons	39
Artikkel 2: Prevention of Child Sexual Abuse: Analysis and Discussion of the Field	40
Artikkel 3: Responsible Behavior whit Younger Children: Examining the Feasibility of a Classroom-Based Program to Prevent Child Sexual Abuse Perpetration by Adolescents	41
Artikkel 4: School-Based Childhood Sexual Abuse Prevention Programs: An Integrative Review	42

1. Innleiing

I innleiinga vil først bakgrunnen for valet mitt og forforståing av oppgåva bli presentert. Vidare vil problemstillinga og avgrensinga av oppgåva bli gjort greie for. Til slutt forklarar eg korleis oppgåva er bygd opp. Tema i denne oppgåva er førebygging av seksuelle overgrep.

1.1. Bakgrunn for valet og forforståing

Kva hadde vi gjort viss vi fekk kjennskap til ei liding som angår ein av fem jenter og ein av sju gutar før dei fyller 18 år? Ei plage som kan forårsake blant anna angst, depresjon, søvnforstyringar og sjølvmoordsfare. Noko som kan gjere at barn mistar tillit til vaksne, får redusert evne til å følgje med på skulen og få ein utdanning og risiko for langvarige psykiske og fysiske plagar. Som samfunn burde vi sette inn tiltak som kunne identifisere og hjelpe dei det gjaldt. Ikkje spart på noko. Mykje forskning på området burde blitt sett inn. Nasjonale opplysnings- og førebyggingskampanjar hadde truleg blitt utvikla for å beskytte barna. Denne lidinga finnast. Den heiter: seksuelle overgrep mot barn (Mercy, 1999, s. 317).

Å bidra til å skape gode utviklingsmoglegheiter blant barn og ungdom har lenge vore ei interesse hos meg. Før eg begynte å studere sosialt arbeid, hadde eg lyst å jobbe med barn og ungdom. Eg hadde lyst til å hjelpe dei som hamnar utanfor og/eller som har utfordringar i livet. Gjennom studiet har eg fått innsikt i førebygging, og tenkjer at førebygging blant barn og ungdom er veldig viktig. Ifølgje Søftestad (2018, s. 263) er førebygging eit forsøk på å stoppe eller avgrense ei uynskt utvikling. Killén (2019, s. 125) skriv at barn er ikkje sjuke i utgangspunktet, men at dei kan bli det viss dei ikkje får hjelpa dei treng. Dette tenkjer eg er viktig å ta stilling til. Kjem ein inn tidleg med førebygging, kan ein forhåpentlegvis ruste barn til utfordringar som kjem gjennom livet. Gjennom studiet har eg hatt praksis i ei ungdomsavdeling der førebygging blant ungdom var sentralt. Dette synest eg var veldig spennande og lærerikt. Som sosionom jobbar ein gjerne tett på menneske med utfordringar og/eller vanskelege livssituasjonar. Berg et al. (2015, s. 24) skriv at hjelp til sjølvhjelp er viktig i sosialt arbeid. Det betyr at innsatsen blant anna omhandlar alt frå reperasjon til førebygging. Vidare skriv dei at ein skal arbeide for betre livssituasjon for menneske, i samarbeid med den/dei det gjeld.

Seksuelle overgrep har også vore eit tema som har fanga mi interesse. Gjennom studiet og blant anna media har eg fått kunnskap om dette feltet. Det er eit tabubelagt tema, men etter mi oppfatning har det blitt meir openheit rundt dette dei seinare åra. Likevel kjem det fram at det tek veldig mange år før offer for overgrep står fram og melder frå. I gjennomsnitt tek det 17 år, ifølgje Steine et al. (2016). Dette er lang tid. Som skrive har vi gjennom studiet hatt om seksuelle overgrep, men her har det vore mest fokus på kva ein bør gjere om ein har mistanke om at nokon blir utsett for overgrep. Eg ynskjer dermed å sjå nærmare på kva ein kan gjere for å førebyggje dette. Informasjon og kunnskap om blant anna seksualitet og grenser tenkjer eg kan vere førebyggjande. Det kan forhåpentlegvis enten stoppe eit overgrep ved at ein kanskje tør å sette grenser og veit kva som er rett og galt, men også hindre at det skjer igjen ved at det er openheit rundt temaet. I tillegg vil det kanskje gjere at ein torer å melde frå tidlegare.

1.2. Problemstilling

På bakgrunn av interesse for førebygging og seksuelle overgrep ynskjer eg å sette desse temaa i samanheng. Problemstillinga mi er som følgjande:

Korleis førebyggje at barn blir utsett for seksuelle overgrep?

1.3. Avgrensing

Førebygging og seksuelle overgrep er to store og komplekse tema. Eg har valt å sjå på korleis ein kan førebyggje seksuelle overgrep blant barn i skulen, og fokuserer på elevar i grunnskulen (alder 6-12/13 år).

Artiklane eg har valt å analysere omhandlar skulebaserte førebyggingsprogram. To av artiklane omhandlar konkrete førebyggingsprogram, medan dei to andre er litteraturgjennomgang av fleire program. Med dette ynskjer eg å få ei litt meir spesifikk forståing for korleis dei enkelte programma er tilrettelagt, men i tillegg kunne få ei breiare

oversikt over kva program som finst. Vidare ynskjer eg å sjå på innhald og læringsmål, kva undervisningsmetode som blir brukt, kva målgruppe og evalueringar av programma.

1.4. Oppbygging av oppgåva

Først vil eg presentere relevant teori knytt til temaet og problemstillinga mi. Vidare kjem metoddelen der eg presenterer val av metode og korleis eg har gått fram for å samle datamateriale. Deretter vil funn bli presentert, før det i lys av teori blir drøfta i drøftingsdelen. Avslutningsvis vil eg legge fram ein konklusjon samt avslutning.

2. Teori

I denne delen vil teori knytt til temaet og problemstillinga bli presentert. Først vil eg skrive om teori knytt til førebygging, deretter vil eg flytte fokus over til seksuelle overgrep mot barn. Til slutt presenterer eg teori relatert til førebygging av seksuelle overgrep. Teorien, saman med relevante funn, vil leggje grunnlaget for drøftinga.

2.1. Førebygging

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartement et al. (2013, s. 1) skriv at «Forebygging rettet mot barn og unge handler først og fremst om å legge til rette for et godt oppvekstmiljø for alle. Dette handler både om informasjons- og holdningsarbeid, samt konkret arbeid for å skape gode, trygge lokalsamfunn.» Vidare skriv dei at eit godt førebyggjande arbeid omhandlar å skape sunne barn og unge som handterer framtidige risikoar og utfordringar (Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartement et al., 2013, s. 1).

2.1.1. Tre nivå i førebygging

Ein kan skilje førebygging i tre nivå. Ifølgje fleire forfattarar er det første nivået primærførebygging. Det omhandlar å hindre at eit problem oppstår, og rettar seg mot heile menneskegrupper ved helsefremjande tiltak. Primærførebyggjande tiltak handlar blant anna om å fremje barn og unge si velferd og utvikling, og forhindre at skader eller uynskte

tilstandar oppstår. Det andre nivået er sekundærførebygging, som handlar om å identifisere risikofaktorar eller sjukdom tidleg og hindre utvikling ved å sette inn tiltak. Førebygginga rettar seg mot spesifikke grupper og fokuserer på å hindre tilbakefall eller vidareutvikling. Det tredje nivået er tertiærførebygging. Her handlar tiltaka om å redusere og hindre konsekvensar av allereie oppstått problem. Ein tar utgangspunkt i personar som allereie står i ein sjukdoms- eller problemsituasjon. Målet er å oppretthalde funksjonsnivå (Glavin & Erdal, 2018, s. 30-31; Killén, 2019, s. 22-26).

2.1.2. Førebygging i skulen

Ifølgje Gravrok et al. (2006, s. 60) er det fastslått i nasjonale retningslinjer at skulen skal førebyggje forhold som til dømes psykiske problem ved å fremje god helse og bidra til positiv personleg og sosial utvikling. I opplæringslova (1998, §§ 9A-2 og 9A-3) står det at alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø, og skulen skal førebyggje brot på retten ved å fremje helsa, trivselen og læringa til elevane. Skulebaserte tiltaksmodellar er basert på primær-, sekundær- og tertiærførebyggjande tiltak, ifølgje Gravrok et al. (2006, s. 61-62). Det første er retta mot barne- og ungdomsgruppe med liten risiko for alvorlege åtferdsproblem. Det andre rettar seg mot utsette gruppe med moderat risiko for utvikling av alvorlege åtferdsproblem. Det tredje rettar seg mot elevar med høg risiko for, eller som alt har, alvorlege åtferdsproblem.

Når det gjeld førebyggjande arbeid er samarbeid mellom skulen og foreldre veldig viktig, ifølgje Gravrok et al. (2006, s. 63). Steinkjer (2015) er einig i dette, i tillegg skriv ho at det er avgjerande at foreldre og skulen har gode og opne dialogar og einigheit rundt felles slutningar for elevane si læring og utvikling. Samarbeid mellom heimen og skulen kjem også fram i opplæringslova (1998, § 1-1 første ledd). Henriksen (1999) hevdar at foreldre ofte føler seg usikre og isolerte i oppsedinga av eigne barn. Gjennom samarbeid med skulen kan ein skape fellesskap mellom foreldre og redusere isolasjonen, i tillegg auke medvit og kompetanse rundt oppsedinga. Vidare påpeikar han på at skulen kan bidra til å etablere ein arena for dialog både mellom foreldre og mellom foreldre og barna (Henriksen, 1999, referert i Gravrok, 2006, s. 63).

2.2. Seksuelle overgrep mot barn (CSA)

Fleire forfattarar skriv at definisjonen på seksuelle overgrep mot barn («child sexual abuse»/CSA) er kompleks. Alle seksuelle handlingar mellom barn og vaksne er overgrep. Det er eit overgrep om eit barn blir utsett for ei handling som barnet ikkje kan forstå, ikkje kan gje informert samtykke til eller er modent for. Vidare er det også eit overgrep om handlinga krenkjer barnets integritet, den vaksne utnyttar barnet si avhengigheit og/eller eigen maktposisjon. Handlinga er primært basert på den vaksne sine behov, og den bryt sosiale tabu innan familien, kulturen eller bryt lova (Nordhaug, 2018, s. 38; Raundalen & Schultz, 2016, s. 14; Sjøftestad, 2018, s. 23). Aasland (2014, s. 33) hevdar at seksuelle overgrep kan, juridisk sett, delast inn i tre kategoriar. Den første kategorien er seksuell omgang som omhandlar samleieliknande eller samleie analt, oralt og/eller vaginalt. Den andre er seksuell handling som handlar om til dømes ta på barnet og/eller at barnet tvingast, manipulerast eller truast til å ta på overgripar sitt kjønnsorgan. Den tredje er seksuell åtferd. Ein har ikkje fysisk kontakt, men barnet kan blant anna bli vist pornografi, tvingast til å sjå på seksuelle handlingar, blotte seg eller tvingast til seksuelle handlingar med seg sjølv. Dette kjem også fram i straffeloven (2005) kapittel 26 om «Seksuallovbrudd.»

2.2.1. Utsette barn

Sjøftestad (2018, s. 28) skriv om ulike barn som kan vere særleg sårbare for å bli offer for personar som ynskjer å utnytte barn seksuelt. Det blant anna vere barn av føresette med til dømes psykiske problem eller liknande der foreldre/føresette ikkje evnar å ivareta eller beskytte barna. Det blir også nemnt er barn med ulike typar funksjonshemmingar, flyktningar, einslege mindreårige asylsøkjjarar og barn frå enkelte etniske og religiøse kulturar som har som tradisjon å gifte vekk jenter eller å omskjere kjønnsorgan. Vidare skriv Sjøftestad (2018, s. 29) at barn, uavhengig om dei er i ei av desse gruppene, også dessverre er utsette. Familiemedlemmar/tillitspersonar som ynskjer å forgripe seg på barn kan utnytte relasjonen som allereie eksisterer, og ein ubalanse mellom kompetanse- og maktforhold gjev den vaksne retten til å definere kva som er normalt, naturleg og riktig åtferd mellom barn og vaksne.

2.2.2. Kven er lovbrutarar?

Ein person som forgrip seg seksuelt, blir ofte kalla overgripar, skriv Søftestad (2018, s. 29). Vidare skriv forfattaren at ein bør vere forsiktig med å bruke dette omgrepet då det kan ekskludere blant anna personar med høg sosial status og personar i vårt sosiale nettverk som også kan forgripe seg på barn. CSA blir oftast utført av ein barnet kjenner og har tillit til, ifølge Aasland (2014, s. 55). I ein rapport kjem det fram at dei fleste som forgrip seg på barn er menn. Kvinner som utøver overgrep gjer det oftast mot gutar, men menn som forgriparar er overrepresentert også her (Thoresen & Hjemdal, 2014, s. 65).

Ifølgje Jensen et al. (2016) har det i dei siste åra komme fram at barn og ungdom sjølv utøver seksuelle handlingar mot andre barn. Långström (2000, referert i Kleive, 2016) hevdar at dei fleste utøver sitt første overgrep før 15 år. Aasland (2014, s. 60) skriv at barn kan utføre CSA mot både yngre og eldre barn, og dei kan tvinge, lokke eller lure barn til å utføre overgrep mot andre barn. Søftestad (2018, s. 31) påpeikar at grensa mellom kva som er leik, utforsking og overgrep kan vere vanskeleg å setje. Vidare hevdar ho at vaksne unngår å snakke om barn som har utført overgrep. Dette temaet er svært tabubelagt, og det blir ofte bortforklart eller forventat at barnet skal vekse av seg åtferda. Normann (1993, s. 34) skriv at overgrep mot barn av barn også er skadeleg. Vidare skriv han at mange overgriparar ofte startar i ung alder.

2.3. Førebygging av seksuelle overgrep

Aasland (2014, s. 101) hevdar at den beste måten å førebyggje på er å gje barn ein god oppvekst. Ein bør formidle kunnskap til barn i tilfelle uventa situasjonar. Når det gjeld seksuelle overgrep er det viktig å hugse at barn ikkje har ansvaret for eit eventuelt overgrep, det er det overgriparen som har. Likevel kan ein lære barn metodar for å komme seg unna. Raundalen og Schultz (2016, s 16) skriv om førebyggjande undervisning, og nemner tre mål. Det første omhandlar å gje kunnskap om kva overgrep er. Det andre målet er å gje kunnskap om varsling om overgrep. Det tredje er kunnskap retta mot at det finst hjelp å få om ein har blitt utsett for overgrep. Med tanke på kunnskap om overgrep skriv Normann (1993, s. 125)

at det er viktig å lære barn å snakke om ulike kroppsdelar på ein naturleg måte. Det kan skape ein open og naturleg haldning til eigen kropp. Aasland (2014, s. 98-99) påpeikar viktigheita av å lære barn korrekt omgrep på kjønnsorgana, og unngå å berre bruke ordet «tissen». Det er viktig å påpeike at ingen vaksne har lov å ta på eller seie at barnet skal ta på eige kjønnsorgan. Kunnskap om dette vil gjere det lettare for barn å identifisere eit overgrep. Forfattaren påpeiker at barn som har kunnskap om kroppen og kjønnsorgan og har pålitelege vaksne å snakke med, har større sjanse for å fortelje om overgrep. Normann (1993, s. 126) skriv at for barn med understimulert vaksenkontakt, kan all kroppskontakt vere god. Barn må derfor lære forskjell på god og dårleg kroppskontakt. Aasland (2014, s. 105) skriv òg om gode og dårlege hemmelegheiter. Det er viktig at barn veit forskjell på dette. Ein god hemmelegheit kan gjere at det kiler i magen og at den er god å tenke på. Ein dårleg hemmelegheit derimot, er vond å halde på og den må forteljast, gjerne til ein tillitsfull vaksen.

2.3.1. Primærførebygging

Søftestad (2018, s. 264) skriv at primærførebyggjande arbeid mot CSA har som overordna målsettinga å spreie kunnskap, påverke haldningar og motivere til handlingar som kan bidra til å forhindre dette. Det blir peikt på fire mål. Det første, retta mot befolkninga, handlar om kunnskap om seksuelle overgrep, kva som kan gjerast for å hindre at barn blir utsett for det og kvar ein kan søkje råd og hjelp. Det andre rettar seg mot barn, og omhandlar å gje kunnskap om at dei kan, og kvar dei kan, søkje hjelp etter overgrep. Det tredje omhandlar at fagfolk får kunnskap, kompetanse og auka merksemd på barns signal og symptom. Vidare også kunnskap om framgangsmåtar for å beskytte og hjelpe barn ved mistanke eller avdekke overgrep. Den siste omhandlar barn som potensielle lovbrytarar, og prøve å forhindre dette (Søftestad, 2018, s. 264-265).

Vidare skriv Søftestad (2018, s. 266-267) at skular og barnehagar er sentrale for primærførebygging, også av CSA. Kvaliteten på kontakten mellom elevar og vaksne og medvitet om moglegheiter for førebygging av CSA er sentrale for om førebygginga faktisk fungerer. Forfattaren undrar seg over at det ikkje er obligatorisk undervisning om arbeid

med CSA for alle som utdannar seg for å jobbe med barn og unge. Dei fleste har derfor ikkje nok kunnskap til å fange opp signal, kommunisere om bekymringar eller handle slik at ein kan beskytte og ivareta utsette barn.

2.3.2. Sekundærførebygging

I forhold til CSA er sekundærførebyggjande tiltak retta mot identifiserte utsette grupper, som blant anna overgrepsutsette barn, deira omsorgspersonar, fagfolk som jobbar med CSA og potensielle lovbrutarar. Målsettinga er å beskytte barn mot vidare overgrep og sørgje for at barna får hjelp, gje støtte til omsorgspersonar slik at dei kan beskytte og hjelpe barna med omarbeiding og nyorientering. Vidare også å styrke kompetanse og støtte til fagfolk som jobbar rundt barn og deira omsorgspersonar og sist, stoppe personar som finn seg i ein risikosituasjon frå å utføre overgrep (Søftestad, 2018, s. 271-272).

2.3.3. Tertiærførebygging

Tertiærførebyggjande innsats retta mot CSA er å gje behandling til barn som har vore utsett for overgrep og har utvikla symptom. Vidare også å stoppe, straffe, risikovurdere og tilby behandling til vaksne og barn som har forgripe seg på barn. Det siste målet er å tilby hjelp, støtte og eventuelt behandling til fagfolk som har jobba nær barn med traume (Søftestad, 2018, s. 275).

3. Metode

Her vil det bli gjort greie for val av metode. På bakgrunn av problemstillinga er litteraturstudie valt som metode i denne oppgåva. Vidare vil val av litteratur og datainnsamling bli presentert.

3.1. Val av metode

Aubert (1972/1985) hevdar at «En metode er en fremgangsmåte, et middel til å løse problemer og komme fram til ny kunnskap. Et hvilket som helst middel som tjener dette

formålet, hører med i arsenalet av metoder» (s. 196). Ein metode fortel korleis vi skal gå fram for å skaffe kunnskap og korleis etterprøve den. Når vi skal undersøkje noko, er metoden verktøyet vi brukar for å samle inn data eller informasjon vi treng til undersøkingar (Dalland, 2017, s. 51-52).

Det finst mange forskjellige metodar, og ein av dei er litteraturstudie. Aveyard (2019, s. 4) forklarar at ein litteraturstudie oppsummerar litteraturen som er tilgjengeleg om eit emne. I helse- og sosialfag er det mykje forskning og litteratur, og profesjonane har ei fagleg plikt til å halde seg oppdatert på ny kunnskap. Gjennom litteraturstudie får ein presentert analyse av tilgjengeleg litteratur, slik at den enkelte ikkje treng å lese kvar enkelt forskingsrapport. Også i Yrkesetisk grunnlagsdokument står det at profesjonar «må på eige initiativ halde seg fagleg oppdaterte» (Fellesorganisasjonen, u.å., s. 2). For å svare på problemstillinga har eg valt å bruke litteraturstudie som metode då eg kan gjennomgå litteratur som allereie finst om dette.

3.2. Litteraturstudie som metode

Litteraturstudie er tolking og studering av litteratur som relaterer seg til eit bestemt spørsmål. På bakgrunn av problemstillinga søkjer ein etter relevant litteratur som ein vurderer og analyserer. Litteraturstudie er forskning i seg sjølv, og har ein bestemt metode. Relevant litteratur blir vurdert og evaluert, og det blir utvikla ny innsikt som belyser problemstillinga (Aveyard, 2019, s. 2-3). Vidare forklarar Aveyard (2019, s. 73-74) at ein må utvikle ein systematisk søkjestrategi slik at ein finn det mest relevante materialet for å svare på problemstillinga. Litteratursøk består av to steg. Det første handlar om å planlegge strategien. Det andre handlar om å implementere den strategien. Når det gjeld søk etter litteratur, finst det fire hovudmåtar. Aveyard (2019, s. 80) skriv at desse er elektronisk søk i databasar, søk i referanselister, handsøk i relevante tidsskrifter og direkte kontakt med forfattarar. I mi oppgåve har eg valt elektronisk søk.

3.3. Val av litteratur

Litteraturhierarki er, ifølgje Aveyard (2019, s. 65), at noko evidens/bevis er sterkare enn andre når det gjeld å rette seg til eit spesifikt spørsmål. Ein bør bruke litteraturen med sterkast evidens for å svare best på problemstillinga. For å svare på problemstillinga mi har eg funne fire forskingsartiklar som hovudkjelder. Vidare har eg også med teori frå blant anna fagbøker og lover. Dette utgjer mitt litteraturhierarki.

Eg søkte i fem ulike databasar for å finne forskingsartiklane som blir brukt i oppgåva. Ifølgje Høgskulen på Vestlandet (u.å.) er Oria ein søkjemotor som gjev deg moglegheit til å søkje i biblioteket sine ressursar. Academic Search Elite er ein tverrfagleg artikkeldatabase, som har vitenskaplege artiklar og generelle tidsskrifter for mange fagområde. CINAHL inneheld referansar til engelskspråkleg litteratur om blant anna sjukepleie. Her finst det mest tidsskriftartiklar. Idunn – Nordiske tidsskrifter på nett er Universitetsforlagets digitale publiseringsplattform, og har fag- og forskningstidsskrifter med kvalitetssikra artiklar. SocINDEX har omfattande dekning av sosiologi, alle sub-disipliner og andre tilsvarande fagområdet (Høgskulen på Vestlandet, u.å.).

3.4. Datainnsamling

Inkluderings- og eksklusjonskriterier er viktig for å hjelpe å definere kva litteratur som er relevant. Hovudgrunnane er å fokusere litteratursøket og gje klar informasjon om oppdraget til forskinga (Aveyard, 2019, s. 75 og 78). Det er altså rammene ein held seg til under litteratursøk.

Tabell 1: Inkluderings- og ekskluderingskriterier

Inkluderingskriterier	Ekskluderingskriterier
<ul style="list-style-type: none"> • Fagfelleverdert • Forsking frå 2010, helst nyare. • Skulebaserte førebyggingsprogram. • Barn 6-12/13 år. 	<ul style="list-style-type: none"> • Ikkje fagfelleverdert • Eldre enn 2010. • Yngre og eldre enn grunnskule alder.

I dei ulike databasane starta eg med avansert søk, og brukte følgjande søkjeord:

Norske søkjeord: Førebygge, Seksuelle overgrep, barn, skule.

Engelske søkjeord: Prevent*, Sexual abuse», Child*, kids, school. Sjå vedlegg 1: Søkjelogg. Vidare la eg inn inkluderingskriteria for søkja: fagfelleverdert, nyare forskning, skulebaserte førebyggingsprogram og barn. Søkja gav ulike treff, og eg las igjennom overskrifter og samandrag. Sjå vedlegg 1: Søkjelogg, *søk og funn i databasar*. Ut i frå leste samandrag blei relevante artiklar lagra, og lese gjennom i si heilheit. Deretter blei dei mest relevante artiklane plukka ut for å svare på mi problemstillinga mi. I vedlegg 1: Søkjelogg: *søkjelogg for artiklane i oppgåva*, viser eg artiklane som er brukt og kva database og søkjeord som er brukt.

3.4.1. Kjeldekritikk

Dalland (2017, s. 149) skriv at kjelder er alt som er med å bidra til oppgåva. Det blir stilt krav til korleis ein søkjer, vurderer, gjer greie for og brukar kjeldene. Aveyard (2019, s. 102) forklarar at kritisk vurdering av kjelder er å strukturert vurdere artikkelen sine styrkjer og svakheiter, slik at ein kan ta vurdering av kvaliteten og vidare korleis den kan hjelpe å svare på problemstillinga.

I ei litteraturstudie er det både fordeler og ulemper. Dalland (2017, s. 162-163) forklarar at ein primærstudie er ein forskingsartikkel som presenterer forskning for første gong, medan sekundærstudie viser til forskning som brukar data frå eksisterande primærstudiar. I mi oppgåve har eg brukt begge deler. Ulempa med sekundærstudie er at primærlitteraturen kan vere feiltolka av forfattar(ane). Fordelen er at ein får oversikt over resultat frå fleire relevante studiar (Dalland, 2017, s. 163). Vidare er artiklane som er brukt i oppgåva skrivne på engelsk. Dei har blitt oversett til norsk, og det kan dermed ha blitt feiltolkingar av innhaldet.

For å vurdere artiklane har eg brukt Aveyard (2019, s. 108) sine seks kritiske spørsmål. Sjå vedlegg 2: Kritisk vurdering av artiklane.

4. Resultat og presentasjon av funn

Gjennom datainnsamling fann eg fire artiklar som kan hjelpe meg å svare på problemstillinga. To av artiklane handlar om spesifikke førebyggingsprogram, då eg ynskjer å sjå nærmare på dette. Dei to andre er litteraturgjennomgang av fleire program då eg ynskjer ei breiare oversikt over kva som finst av program, forskjellige mål og innhald. Eg har valt å først introdusere artiklane kort, før presentasjon av resultata kjem samla under fire forskjellige tema som er relevante for å svare på problemstillinga.

4.1. Introduksjon av artiklar

Her vil dei fire artiklane kort bli introdusert, slik at ein kan sjå kva som er hensikta med artiklane og kva metode som er brukt og kva resultata er. Kritisk vurdering er gjort på alle artiklane.

4.1.1. Anne's Secret: Teaching Children to Protect Themselves from Child Sexual Abuse Using Animated Cartoons

Artikkelen er skriva av Rueda et al. (2022), og presenterer ein ny metode for førebygging av seksuelt misbruk av barn: animerte teikneseriar. Artikkelen føreslår å lære barn korleis dei kan identifisere og beskytte seg mot seksuelt misbruk gjennom ein kort teikneserie og ei arbeidsbok. Først blei teikneserien utvikla, ved hjelp av ei fokusgruppe på 10 barn mellom 5-12 år som diskuterte kva element teikneserien burde ha for å vere attraktiv for barna. Då artikkelen vart publisert, var teikneserien blitt brukt fire gonger i ein undervisningssamanheng. Resultata frå pilotstudiane der ei gruppe med 36 barn mellom 8-10 år var med, viste at målet med læringa blei oppnådd gjennom teikneserien og arbeidsboka.

Artikkelen er fagfellevurdert og er i frå 2022. Artikkelen er kritisk vurdert ut frå Aveyard (2019, s. 108) sine seks kritiske spørsmål. Sjå vedlegg 2.

4.1.2. Prevention of Child Sexual Abuse: Analysis and Discussion of the Field

I denne artikkelen gjennomgår Zeuthen og Hagelskjær (2013) eksisterende forskningslitteratur for førebyggjande tiltak retta mot barn, foreldre og fagfolk. Dei organiserer forskningslitteraturen for førebygging av seksuelle overgrep mot barn på tre områder. Den første: førebyggjande tiltak mot seksuelle overgrep mot barn. Den andre: metaanalyse av førebyggjande tiltak mot seksuelle overgrep mot barn. Den tredje: generelle teoretiske modellar om førebygging og barnet. Gjennom systematisk analyse av forskningslitteraturen fann dei at det var mangel på samanheng mellom teoretiske modellar og konkrete førebyggjande tiltak.

Det er ikkje skrivi kor mange forskingsartiklar som er analysert. Artikkelen er fagfelleverdert og er publisert i 2013. Den er også kritisk vurdert ut frå Aveyard (2019) sine seks kritiske spørsmål (s. 108). Sjå vedlegg 2.

4.1.3. Responsible Behavior with Younger Children: Examining the Feasibility of a Classroom-Based Program to Prevent Child Sexual Abuse Perpetration by Adolescents

Ruzicka et al. (2021) presenterer eit universelt skulebasert førebyggingsprogram: Responsible Behavior with Younger Children (RBYC). Programmet er meint å gje elevar i sjette og sjuande klasse, deira foreldre og lærarar kunnskap, ferdigheiter og verktøy for å forhindre å engasjere yngre barn i seksuell åtferd. Forfattarane påpeikar at skulebaserte CSA-førebyggingsprogram ofte blir møtt med bekymring knytt til blant anna gjennomføring og aksept. Målet med studien er å beskrive korleis RBYC-programmet er utvikla for å løyse desse bekymringane. Resultata etter tilbakemeldingar under programutvikling og ein pilot randomisert kontrollert studie tyder at RBYC er relevant, framstående og brukbart for implementering. Studien fann stad i Maryland, USA.

Artikkelen er fagfelleverdert og er i frå 2021. Vidare er den kritisk vurdert ut frå Aveyard (2019) sine seks kritiske spørsmål (s. 108). Sjå vedlegg 2.

4.1.4. School-Based Childhood Sexual Abuse Prevention Programs: An Integrative Review

I denne artikkelen presenterer Fryda & Hulme (2015) ein integrert litteraturstudie om tilstanden på skulebaserte CSA-førebyggingsprogram. Hensikta med studien er å hjelpe helsesjukepleiarar med å få evidensbasert kunnskap som dei kan bruke til å planlegge, implementere og evaluere CSA-førebyggingsprogram på skular. Forfattarane gjennomgår 26 artiklar for å svare på forskingsspørsmålet om typar av program, metodar som brukast til å evaluere program og programsuksess. Ut frå analysane av data fann dei sju kategoriar av læringsinnhald, og dei fleste programma var vellykka.

Artikkelen er fagfellevurdert og er i frå 2015. Den er også kritisk vurdert ut i frå Aveyard (2019) sine seks kritiske spørsmål (s. 108). Sjå vedlegg 2.

4.2. Samansetting av resultat

Her har eg valt å systematisere datamaterialet frå artiklane i fire ulike tema. Først vil eg sjå på innhaldet og læringsmåla som blir brukt i førebyggingsprogramma, for så å sjå på undervisningsmetode. Deretter målgrupper og effektiviteten av førebyggingsprogram.

4.2.1. Innhald og læringsmål

Zeuthen og Hagelskjær (2013) sin gjennomgang viser variasjon i tema og omgrep, men hovudmåla i programma er eit eller fleire av tre tema. Det første er at barn får kunnskap om CSA-konsept som kroppseigarskap, informasjon om forskjellar på berøring og forskjell mellom gode og dårlege hemmelegheiter. Det andre: barn får sjølvbeskyttelses-strategiar som å stikke av, stole på intuisjonen og seie «nei» viss dei opplever noko grenseoverskridande. Det tredje er at barn får kunnskap om støttesystem, kvar dei kan få anonym rådgjeving og kva dei skal gjere viss dei opplever faktisk eller potensielt misbruk, til dømes snakke med vaksne (MacIntyre & Carr, 2000, sitert i Zeuthen & Hagelskjær, 2013, s. 746). Desse temaa og måla er også noko av det som kjem fram i både *Anne's Secret* (Rueda et al., 2022) og programma som Fryda og Hulme (2015) gjennomgår.

Når det gjeld program retta mot potensielle lovbrutarar, hevdar Zeuthen og Hagelskjær (2013) at 24% av barnefokuserte program involverer merksemd mot barn og unge som potensielle lovbrutarar og inkluderer derfor pedagogiske element om den juridiske og moralske urettferdigheita ved å seksuelt utnytte yngre barn og/eller jamaldra (Plummer, 2001, referert i Zeuthen & Hagelskjær, 2013, s. 747). Innhaldet i RBYC-programmet var orienterings- og gjennomgangsøktar og fokus på å auke empatisk respons og ta yngre barns perspektiv. Vidare var det også fokus på å forbetre kunnskap om kva CSA er, kvifor og under kva omstende det oppstår, korleis ein unngår, førebyggjer og/eller grip inn i seksuelt misbruk av yngre barn. I tillegg informasjon om seksuell trakassering, seksuelle overgrep, offer og tilskodarmedverknad. Familieaktivitetar var også med, for å spreie informasjon og fremje samtalar om konseptet til foreldre eller omsorgspersonar (Ruzicka et al., 2021, s. 469). Anatomiske korrekte omgrep blei endra, etter tilbakemelding frå foreldre, til private delar framfor til dømes penis og vagina. Det blei i forkant av økta diskutert kva private delar er for å sikre forståing (Ruzicka et al., 2021).

4.2.2. Undervisningsmetode

Zeuthen og Hagelskjær (2013, s. 745-746) fann at det fleste CSA-førebyggingsprogramma er primærførebyggjande. Vidare hevdar dei at dei fleste programma blir levert innanfor ein opplæringsmodell for åtferdsferdigheiter og er basert på sosiale læringsprinsipp og det å skaffe seg ferdigheiter gjennom instruksjon, modellering, øving og tilbakemelding. Fryda og Hulme (2015, s. 169) hevda at dei fleste programma blei levert som eingongstilfelle. Sju av programma hadde fleire økter, tre program inkluderte booster-økt eller beskreib at dei skulle gjenta programmet til dei same barna i dei påfølgande åra. Vidare skriv dei at leveringsmetodane var forskjellige, men dei mest brukte var film, gruppediskusjon, rollespel og live teater. Dei fleste programma hadde fleire leveringsmetodar (Fryda & Hulme, 2015, s. 176). Eit førebyggingsprogram som brukar film er Rueda et al. (2022), som presenterer ein ny metode: ein 15 minuttars lang animert teikneserie, *Anne's Secret*. Formålet er å lære barn ressursar for å be om hjelp om dei er offer for seksuelle overgrep. Her er også med ei arbeidsbok der både barn og vaksne kan forsterke det dei har lært, men òg lære fleire verktoy for eigen beskyttelse. I Ruzicka et al. (2021) sitt RBYC-program var det 10 økter der

ein ynskjer å engasjere elevane i diskusjonar. Det blei også frå lærarane si side føreslått ei arbeidsbok. Elevane derimot, føretrekte eit diskusjonsbasert format framfor ei arbeidsbok. Vidare var også familieaktivitet noko Ruzicka et al. (2021) hadde med i programmet. Tilbakemelding frå lærarar gjorde at informasjonen blei endra for å gje foreldre, eller andre pålitelege vaksne, detaljar om kva elevane hadde lært den dagen og gje familiane spesifikke emne å diskutere. Elevane påpeikte at dei ville vere ukomfortable med å diskutere emne med foreldre. Forskarane oppmuntra derfor til å diskutere med eit eldre familiemedlem som dei følte seg meir komfortable med.

4.2.3. Målgrupper

Zeuthen og Hagelskjær (2013, s. 752) skriv at to modellar delar same forståing av CSA, nemleg at ein bør setje inn tiltak på fleire nivå for at CSA skal bli utrydda. I Fryda og Hulme (2015, s. 169) sin gjennomgang kjem det fram at førebyggingsprogram rettar seg til barn frå førskulealder til vidaregåande skule, men dei fleste fokuserer på barn i grunnskulen. *Anne's Secret* er retta mot barneskule-elevar (Rueda et al., 2022), medan RBYC-programmet rettar seg spesielt mot elevar i sjette og sjuande klasse (Ruzicka et al., 2021). I forhold til potensielle lovbrytarar skriv Zeuthen og Hagelskjær (2013, s. 745-746) at det er ein aukande trend for førebygging retta mot potensielle lovbrytarar framfor potensielle offer. RBYC-programmet gjev elevane, deira foreldre og lærarar kunnskap, ferdigheiter og verktøy for å forhindre å engasjere yngre barn i seksuell åtferd (Ruzicka et al., 2021).

Det blir også påpeika at mange fagpersonar treng kunnskap for å formidle førebyggingsprogram og eventuelt kunne hjelpe barn som har opplevd eller potensielt kan oppleve overgrep. Spesielt mange lærarar rapporterer manglane kunnskap rundt dette (Zeuthen & Hagelskjær, 2013, s. 748). *Anne's Secret* og RBYC-programmet inkluderer også lærarar i sine program, i tillegg blir òg foreldre involvert (Rueda et al., 2022; Ruzicka et al., 2021). Zeuthen og Hagelskjær (2013, s. 747) påpeikar at ein grunnleggande plass for å lære barn korleis dei skal ta vare på seg sjølv er heimen. Involvering av foreldre i førebygginga har mange fordelar, og det er urovekkande at potensialet så vidt er tatt i bruk. Vidare refererer dei til Plummers (2001) sin gjennomgang av 87 program. Om lag halvparten av dei

barnefokuserte intervensjonane har ein slags foreldrekomponent (Plummer, 2001, referert i Zeuthen & Hagelskjær, 2013, s. 747).

4.2.4. Effektiviteten av førebyggingsprogram

Rueda et al. (2022, s. 138) skriv at målet med læringa blei oppnådd. Barna visste kva intuisjon var og korleis dei skulle kjenne det igjen i kroppen. Vidare kunne barna også skilje mellom god og dårleg hemmelegheit, og dei var tydelege på kven pålitelege vaksne dei kunne ta kontakt med om dei var ukomfortable eller triste. I gjennomgangane av fleire program var det også positive resultat, men stor forskjell i kor mange studiar som hadde evaluert forskjellige utfall. I målingane av kunnskapsgevinst, sjølvbeskyttelses-ferdigheiter og avsløring av CSA, var det samla sett positive resultat (Fryda & Hulme, 2015; Zeuthen & Hagelskjær, 2013). Målingar av psykologiske gevinstar, basert på ei forventning om auke i sjølvtilitt, sjølvfølelse og sjølvsikkerheit, viste nokre resultat positive, men ikkje alle. Negative effektar blant barn som får undervisninga, som til dømes auka angst, frykt og mistillit til framande, familiemedlemmer og andre kjente vaksne, blei også målt. Resultatet var at dei fleste ikkje lid av negative effektar som følge av CSA-førebyggingsprogram (Fryda & Hulme, 2015).

To av artiklane påpeikar også at det er viktig å observere barna undervegs i undervisninga for å eventuelt fange opp teikn, forvirring eller naud blant deltakarane av programma (Rueda et al., 2022; Ruzicka et al., 2021). Zeuthen og Hagelskjær (2013, s. 751) skriv at lovbrytar ofte er kjent for offeret, noko som igjen fører til at barnet kan ha etablert lojalitet og kjenslemessige band til lovbrytaren. Vidare påpeikar dei at svært få førebyggingsprogram har gode nok tiltak retta mot dette.

5. Drøfting

Her vil eg ut i frå resultatata som er presentert drøfte i lys av teorien korleis ein kan førebyggje at barn blir utsett for seksuelle overgrep.

5.1. Innhald og læringsmål

Læringsmåla i programma er noko ulike, både i tema og omgrep. Likevel er stort sett hovudmåla å formidle kunnskap om CSA, sjølvbeskyttande strategiar og støttesystem (MacIntyre & Carr, 2000, sitert i Zeuthen & Hagelskjær, 2013, s. 746). Ein kan sjå likskap i det Raundalen og Schultz (2016, s. 16) skriv om førebyggjande undervisning. Også her er det tre hovudmål. Det første omhandlar kunnskap om seksuelle overgrep, medan det andre handlar om kunnskap om varsling. Det siste er retta mot støttesystemet. Det er naturleg å anta at dei tre måla bør fokuserast på ilag for å førebyggje CSA. Dei tre måla grip over ein heil prosess, frå å gjere barn bevisst på å oppdage eller innsjå overgrep til å gjere dei i stand til å gjere noko med det. Det er ein viktig føresetnad for å kunne hjelpe barna det gjeld.

5.1.1. Kunnskap om CSA

Kunnskap om CSA handlar blant anna om kroppseigarskap, informasjon om forskjellar på berøring og gode og dårlege hemmelegheiter (MacIntyre & Carr, 2000, sitert i Zeuthen & Hagelskjær, 2013, s. 746). I RBYC-programmet var det også fokus på kunnskap om CSA, men i tillegg kunnskap retta mot korleis ein opptrer rundt yngre barn (Ruzicka et al., 2021, s. 469). Omgrepa rundt kjønnsorgan blei også endra, etter tilbakemelding frå foreldre, til private delar framfor til dømes penis og vagina (Ruzicka et al., 2021, s. 472-473). Normann (1993, s. 125-126) påpeikar viktigheita med å skape ein open og naturleg haldning til eigen kropp. Ein må lære barn å snakke om alle kroppsdelar på ein naturleg måte. Han skriv også at nokre barn kan ha understimulert vaksenkontakt, noko som kan gjere at all kroppskontakt med vaksne blir god. Blant anna på bakgrunn av dette bør barn lære skilnad på god og dårleg kontakt. Aasland (2014, s. 98 og 105) hevdar at om barn har kunnskap om kroppen og kjønnsorgan og har ein vaksen tillitsperson, er det større sjanse for at barnet torer å fortelje om overgrep. Vidare skriv ho at det er viktig å lære barn forskjell på gode og dårlege hemmelegheiter. Ein dårleg hemmelegheit er noko ein må fortelje, gjerne til ein påliteleg vaksen. Dette tyder på at barn kan bli tryggare i eigen kropp, få meir forståing av grenser og klarar å melde ifrå om overgrep om dei får kunnskap om CSA. Eit barn som blir utsett for CSA vil ikkje sjølv kunne sette ord på overgrepa og treng denne kunnskapen for å ta det første steget ut av situasjonen. Dette handlar om å ta kontroll over eigen kropp.

5.1.2. Sjølvbeskyttelses strategiar og støttesystem

Sjølvbeskyttelses strategiar omhandlar blant anna å stikke av, stole på intuisjonen og seie nei viss ein opplev noko grenseoverskridande (MacIntyre & Carr, 2000, sitert i Zeuthen & Hagelskjær, 2013, s. 746). Aasland (2014, s. 101) hevdar at ein god oppvekst er den beste måten å førebyggje på. At barn får sjølvbeskyttelses strategiar er nok viktig, men som forfattaren også påpeikar er det viktig å hugse at barn ikkje har ansvaret for overgrep, men ein kan lære strategiar for å komme seg unna. Dette syner at sjølvbeskyttande strategiar er viktig å lære barna, men også understreke at barna ikkje er ansvarlege for eit overgrep. Sidan overgriparen ofte er ein person barnet kjenner, vil lojaliteten til vaksenpersonen ofte vere stor. Overgriparen kan også ha sett barnet i ein situasjon der han/ho blir fråteke all makt ved hjelp av å true/overtale barnet til å tie. For eit barn å høyre at det sjølv ikkje er ansvarlege for eit overgrep, vil det kunne korrigere det overgriparen seier.

Kunnskap om støttesystem handlar om kvar barn kan få anonym rådgjeving og kva dei skal gjere viss dei opplever eller potensielt kan oppleve misbruk (MacIntyre & Carr, 2000, sitert i Zeuthen & Hagelskjær, 2013, s. 746). Sjøftestad (2018, s. 264) påpeikar også viktigheita med å gje kunnskap til barn om at dei kan, og kvar dei kan, søkje hjelp etter overgrep. Dette viser at støttesystem er viktig å informere om, slik at barn både veit at dei kan, og kvar dei kan oppsøkje hjelp. La oss seie at ei elev kjenner seg igjen og forstår i løpet av ei økt at det han/ho opplever ikkje er bra. Om ein utelet informasjon om kva denne eleven kan gjere for seg sjølv, blir skaden dobbel: Eleven opplever eit overgrep og veit brått at dette er feil. Eleven kan sette ord på det, men veit ikkje kva han/ho kan gjere med denne informasjonen. Å peike på ein veg ut er difor svært viktig.

5.2. Undervisningsmetode

Zeuthen og Hagelskjær (2013) skriv at dei fleste programma er primærførebyggjande, og blir levert innanfor ein opplæringsmodell for åtferdsferdigheiter. Dei baserer seg også på sosiale læringsprinsipp og ferdigheitsanskaffing gjennom instruksjon, modellering, øving og tilbakemelding. Sjøftestad (2018, s. 264) skriv at den overordna målsetjinga i primærførebyggjande arbeid mot CSA er å spreie kunnskap, påverke haldningar og motivere

til handlinga som bidreg til å forhindre CSA. Fryda og Hulme (2015, s. 169) fann at dei fleste programma var eingongstilfelle, men det var også program som hadde fleire økter. Blant anna hadde RBYC-programmet 10 økter (Ruzicka et al., 2021). Det er naturleg å anta at fleire økter er å føretrekkje, framfor eit eingongstilfelle. Første gongen vil truleg temaet komme overraskande på elevane. Om ein elev, gjennom økta, erkjenner for seg sjølv at han/ho opplev overgrep, er det ikkje sikkert eleven klarar å seie ifrå sjølv om han/ho veit kvar ein kan gå. Er det fleire økter, kan eleven vere førebudd og kanskje er sjansane for å gå vidare større. Skal ein nå målet med at ingen barn skal oppleve overgrep eller oppleve minst mogleg overgrep, så er kanskje ikkje spørsmålet *om* barn bør gjennomgå eit førebyggingsprogram, men *kor ofte*.

5.2.1. Leveringsmetode

Leveringsmetodane var forskjellig. Ifølgje Fryda og Hulme (2015, s. 176) var film, gruppediskusjon, rollespel og live teater mest brukt, og mange program hadde fleire leveringsmetodar. *Anne's Secret* brukte film som metode, i tillegg til ei arbeidsbok (Rueda et al., 2022). I RBYC-programmet blei det føreslått arbeidsbok av lærarane, medan elevane føretrekte diskusjonsbasert format. Vidare var også familieaktivitetar med i programmet. Her var tilbakemeldingane frå elevane at det kunne vere ukomfortabelt å diskutere med foreldre. Det blei derfor oppmuntra til å diskutere med eit eldre familiemedlem som ein følte seg trygg på (Ruzicka et al., 2021). Familieaktivitetane kan bidra til samarbeid mellom elevane og foreldra. Skulen kan her vere med å bidra til dialog mellom foreldre og barn, slik Henriksen (1999, referert i Gravrok, 2006, s. 63) skriv. Det er ikkje tydeleg kva slags metodar som er betre enn andre. Likevel kan det tyde på at familieaktivitet er noko ein bør inkludere i et program då det bidreg til dialog mellom barna og føresette. Noko som igjen truleg kan bidra til meir openheit og trygghet for barna. Vidare er det viktig å hugse at barn er ulike og vil reagere forskjellig på eit program. Film er eit språk som barn blir vane med tidleg, og vil truleg engasjere mange på ein måte dei kjenner godt til. Diskusjon er også eit element som blir trekt fram. Klarar ein å skape ein god og trygg diskusjon vil det truleg auke sannsynet for at barn deler det dei har på hjartet.

5.4. Målgrupper

To modellar i Zeuthen og Hagelskjær (2013, s. 752) sin gjennomgang påpeikar at ein bør setje inn tiltak på fleire nivå for at CSA skal bli utrydda. Dette ser ein igjen i både primær-, sekundær- og tertiærførebygging mot CSA, der måla er retta mot barn, foreldre, fagfolk og potensielle lovbyrtarar (Søftestad, 2018).

5.4.1. Barn

Førebyggingsprogramma rettar seg mot barn frå førskulealder til vidaregåande skule, men dei fleste fokuserer på grunnskulen, ifølgje Fryda og Hulme (2015, s. 169) I *Anne's Secret* er barneskulen i fokus (Rueda et al., 2022), medan RBYC-programmet rettar seg mot sjette og sjuande klasse (Ruzicka et al., 2021). Søftestad (2018, s. 28-29) påpeikar at alle barn, uavhengig av oppvekstvilkår, dessverre er utsette. Ein som ynsker å forgripe seg på barn, kan utnytte relasjonen som allereie eksisterer. I tillegg gjev ubalansen mellom kompetanse- og maktforhold den vaksne ein fordel ved å bestemme kva som er normalt, naturleg og riktig åtferd. Dette syner at ein gjerne bør førebyggje i alle skuletrinn, slik at ein kjem breitt ut med kunnskap og informasjon om CSA.

Zeuthen og Hagelskjær (2013, s. 745-746) hevdar at det er ein aukande trend å fokusere førebygging på potensielle lovbyrtarar. RBYC-programmet til Ruzicka et al. (2021) har som hovudmål å lære barn ansvarleg åtferd med yngre barn for å forhindre CSA. Ifølgje Normann (1993, s. 34) startar overgripingar ofte i ung alder. Vidare hevdar Långström (2000, referert i Kleive, 2016) at dei fleste utøver sitt første overgrep før 15 år. Grensa mellom kva som er lek, utforsking og overgrep kan vere vanskeleg å setje, skriv Søftestad (2018, s. 31). Det er naturleg å anta at ein på grunnlag av dette bør fokusere både på førebygging av CSA retta mot potensielle offer og potensielle lovbyrtarar. Fokuserer ein einsidig på potensielle offer vil ein hjelpe dei om står i fare for eller opplev overgrep. Det er sjølvsagt viktig, men å kunne rette fokus på begge området kjem ein breiare ut. Det er potensielle lovbyrtarar som i hovudsak kan hindre eit framtidig overgrep, ikkje offeret.

5.4.2. Fagpersonar

Zeuthen og Hagelskjær (2013, s. 748) påpeikar at fagpersonar treng kunnskap for å formidle førebyggingsprogram og eventuelt kunne hjelpe barn som har opplevd eller potensielt kan oppleve overgrep. Dei skriv at spesielt mange lærarar rapporterer om manglande kunnskap om CSA. Også *Anne's Secret* og RBYC-programmet inkluderer lærarar i sine program (Rueda et al., 2022; Ruzicka et al., 2021). Både i nasjonale retningslinjer og i opplæringslova (1998) står det at skulen har eit ansvar for førebyggjande arbeid (Gravrok et al., 2006; Opplæringslova, 1998, §§ 9A-2 og 9A-3). Sjøftestad (2018, s. 266-267) påpeikar at kvaliteten på kontakt mellom elevar og vaksne, og medvitnet om moglegheiter for CSA-førebygging er sentral for at førebygginga skal fungere. Vidare skriv ho at dei fleste som jobbar med barn har ikkje tilstrekkeleg kunnskap til å fange opp signal, kommunisere om bekymringar eller handle slik at ein kan ivareta og beskytte barn. Sjøftestad (2018, s. 272) påpeikar også at eit mål i sekundærførebygging omhandlar å styrke kompetanse og støtte til fagfolk som jobbar rundt barn. Dette viser at for å kunne førebyggje mot CSA bør fagfolk ha kunnskap om CSA. I tillegg bør dei ha kunnskap om korleis fange opp signal og møte barn som er offer eller står i fare for å potensielt bli offer for overgrep. Det er urovekkande at lærarutdanningane ser ut til å ha så lite fokus på eit såpass stort og alvorleg helseproblem som overgrep er.

5.4.3. Foreldre

Foreldre blir også involvert i programma (Rueda et al., 2022; Ruzicka et al., 2021; Zeuthen & Hagelskjær, 2013). Vidare blir det påpeika at ein grunnleggande plass for å lære barn korleis dei skal ta vare på seg sjølv, er i heimen. Involvering av foreldre i førebygginga har mange fordelar, og det er urovekkande at potensialet så vidt er tatt i bruk (Zeuthen & Hagelskjær, 2013, s. 747). Samarbeid mellom skule og foreldre er viktig (Gravrok et al., 2006, s. 63; Steinkjer, 2015). I tillegg er det avgjerande at foreldra og skulen har gode og opne dialogar, og einigheit rundt felles slutningar for elevane si læring og utvikling (Steinkjer, 2015). Foreldre kan føle seg usikre og isolerte i oppsedinga av eigne barn. Gjennom samarbeid kan ein skape fellesskap mellom foreldre og auke medviten og kompetanse rundt barneoppsedinga (Henriksen, 1999, referert i Gravrok, 2006, s. 63). For å summere opp er det viktig å involvere føresette i førebygginga mot CSA. Dette kan bidra til eit godt samarbeid, og vidare føre til at foreldre kan bli tryggare i barneoppsedinga. Uansett kva ein

gjør i skulen, er det foreldra som har ansvaret for å gje barna sine gode og trygge oppvekstvilkår.

5.3. Effektiviteten av førebyggingsprogram

Resultata av programma var stort sett positive. Rueda et al. (2022, s. 138) rapporterte at måla var oppnådd. Barna visste blant anna kva ein intuisjon var og kunne skilje mellom ein god og dårleg hemmelegheit. Litteraturgjennomgangane viste forskjell i kor mange studiar som hadde blitt evaluert, og kva dei hadde evaluert. Samla sett var det positive resultat på kunnskapsgevinst, sjølvbeskyttelses-ferdigheiter og avsløring av CSA (Fryda & Hulme, 2015; Zeuthen & Hagelskjær, 2013). Vidare rapporterte Fryda og Hulme (2015, s. 178) om psykologisk gevinst. Dei fleste resultata var positive, men ikkje alle. Resultat av negative effektar som følge av programma var at dei fleste ikkje blei påverka av dette.

Zeuthen og Hagelskjær (2013, s. 751) påpeikar at lovbrutar ofte er kjent for offeret, og at programma ikkje har gode nok tiltak med tanke på dette. Aasland (2014, s. 55) skriv også at lovbrutar ofte er ein barnet kjenner og har tillit til. I tillegg skriv Søftestad (2018, s. 29) at ein bør vere forsiktig med å bruke omgrepet overgripar då dette kan ekskludere blant anna personar i eige nettverk. Dette syner at ein gjerne bør tydeleggjera kven de typiske lovbrutarane kan vere i undervisninga av førebygging av CSA. I tillegg kan det å kalle «pappa» eller «onkel» for «overgripar», kunne vere vondt og vanskeleg for eit barn. Her bør ein trå varsamt.

6. Avslutning og konklusjon

I drøftinga har eg tatt utgangspunkt i resultata frå artiklane eg har funne og teorien som tidlegare blei presentert, for å prøve å svare på problemstillinga mi: *Korleis førebyggje at barn blir utsett for seksuelle overgrep?*

Når det kjem fram at det tek i gjennomsnitt 17 år før offer for seksuelle overgrep står fram Steine et al. (2016), forstår ein viktigheita ved å setje søkelys på temaet. I drøftinga tek eg føre meg ulike tema for å få oversikt over korleis førebyggingsprogramma i dag er. Det første, innhald og læringsmål, viser at det er viktig formidle førebyggingsprogramma breitt. Ein bør ha fokus på både kunnskap om CSA, sjølvbeskyttande strategiar og støttesystem når ein underviser. Dette vil truleg føre til at barna får ei heilskapleg forståing. I tillegg vil det forhåpentlegvis førebyggje at dei blir utsette for overgrep, eller opne for openheit rundt tematikken, slik at barnet tore å melde i frå.

Vidare tek eg føre meg undervisningsmetode. Det var det ulike leveringsmetodar, og det kom ikkje tydeleg fram kva som faktisk fungerte. Likevel var familieaktivitet noko som var med i fleire av programma, og verka som eit godt tiltak. Det er vidare naturleg å anta at det her må det forskast meir. Det tredje tema eg ser på er målgrupper. Det er tydeleg at ein må førebyggje på fleire nivå for å kunne førebyggje CSA. Barn bør få kunnskap om tema, men like viktig er det at fagpersonar som jobbar med barn har kunnskap og ferdigheiter rundt seksuelle overgrep. Også foreldre er sentrale mot førebygginga. Det siste tema, effektiviteten av førebyggingsprogramma viser stort sett positive resultat, men det er stor forskjell i korleis programma er blitt evaluert. Det blir dermed naturleg å anta at det krevst breiare forskning på temaet.

7. Litteraturliste

Aasland, M. W. (2014) «... si det til noen ...»: en bok om seksuelle overgrep mot barn og unge.

(3. utg.). Cappelen Damm Akademisk

Aubert, V. (1972). *Det skjulte samfunn* (2. utg., B. Alstad, Overs.). Pax. (Opprinnelig utgitt 1985).

Aveyard, H. (2019). *Doing a literature review in health and social care: a practical guide* (4. utg.). Open University Press/ McGraw- Hill Education.

Berg, B., Ellingsen, I. T., Levin, I & Kleppe, L. C. (2015). Hva er sosialt arbeid?. I I. T. Ellingsen., I. Levin., B. Berg & L. C. Kleppe (Red.), *Sosialt arbeid: en grunnbok* (s. 19-35). Universitetsforlaget.

Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving* (6. utg.). Gyldendal akademisk.

Det kongelige barne-, likestillings- og inkluderingsdepartement., Det kongelige kommunal- og regionaldepartement., Det kongelige arbeidsdepartement., Det kongelige helse- og omsorgsdepartement., Det kongelige justis- og beredskapsdepartement & Det kongelige kunnskapsdepartement. (2013). *Forebyggende innsats for barn og unge* (Q-16/2013) [Rundskriv]. Departementene

Fellesorganisasjonen (u.å.). *Yrkesetisk grunnlagsdokument for barnevernspedagogar, sosionomar, vernepleiarar og velferdsvitarar*. Fellesorganisasjonen. Henta 13. mai 2022 https://www.fo.no/getfile.php/1328113-1587105760/Visuell%20profil/yrkesetiske_GD_2_nynorsk%20web.pdf

Fryda, C. M. & Hulme, P. A. (2015). School-Based Childhood Sexual Abuse Prevention Programs. *The Journal of School Nursing*, 31(3), 167–182.
<https://doi.org/10.1177/1059840514544125>

Glavin, K. & Erdal, B. (2018). *Tverrfaglig samarbeid i praksis: til beste for barn og unge i kommune-Norge*. (4. utg.). Kommuneforlaget.

Gravrok, Ø., Schancke, V. A., Andreassen, M. & Domben, P. (2006). Kunnskapsplattform for forebyggende og helsefremmende arbeid i skolen – med særlig fokus på rusmidler og tobakk. I T. Nordahl, Ø. Gravrok, H. Knudsmoen, T. M. B. Larsen & K. Rørnes (Red.), *Forebyggende innsatser i skolen: Rapport fra forskergrupper oppnevnt av Utdanningsdirektoratet og Sosial- og helsedirektoratet om problematferd, rusforebyggende arbeid, læreren som leder og implementeringsstrategier* (s. 60-77). Sosial- og helsedirektoratet og Utdanningsdirektoratet.

Høgskulen på Vestlandet. (u.å.). *Søk etter fagressursar*. Lest 14.05.2022

<https://www.hvl.no/bibliotek/sok-etter-fagressursar/>

Jensen, M., Garbo, E., Kleive, H., Grov, Ø., & Hysing, M. (2016). Gutter i Norge med skadelig seksuell atferd. *Tidsskrift for Norsk psykologforening*.
<https://psykologtidsskriftet.no/vitenskapelig-artikkel/2016/05/gutter-i-norge-med-skadelig-seksuell-atferd>

Killén, K. (2019). *Barndommen varer i generasjoner: Forebygging er alles ansvar*. (4. utg.). Kommuneforlaget.

Kleive, H. (2016). Barn som forgriper seg på barn. *Tidsskrift for Norsk psykologforening*.

Henta 11. mai 2022 frå <https://psykologtidsskriftet.no/fra-praksis/2016/11/barn-som-forgriper-seg-pa-barn>

MDPI (u.å.). *Anne's Secret: Teaching Children to Protect Themselves from Child Sexual Abuse*

Using Animated Cartoons. Hentet 15. mai 2022 frå

<https://doi.org/10.3390/sexes3010011>

Mercy, J. A. (1999). Having New Eyes: Viewing Child Sexual Abuse as a Public Health

Problem. *Sexual Abuse*, 11(4), 317–321.

<https://doi.org/10.1177/107906329901100407>

Nordhaug, I. (2018). *Kva ser vi – kva gjer vi?: omsorgsvikt, vald og seksuelle overgrep. Skulen og barnehagen sine oppgåver*. Fagbokforlaget.

Normann, E. K. (1993). *Barn og seksuelle overgrep*. Ad Notam Gyldendal

Opplæringslova. (1998). *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa* (LOV-1998-07-17-61). Lovdata. <https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61>

Raundalen, M & Schultz, J.-H. (2016). *Seksuelle overgrep og vold: forebyggende undervisning i skolen*. Universitetsforlaget.

Rueda, P., Ferragut, M., Cerezo, M. V., Calvo, I. & Ortiz-Tallo, M. (2022). Anne's Secret: Teaching Children to Protect Themselves from Child Sexual Abuse Using Animated Cartoons. *Sexes*, 3(11), 134–140. <https://doi.org/10.3390/sexes3010011>

Ruzicka, A. E., Assini-Meytin, L. C., Schaeffer, C. M., Bradshaw, C. P., & Letourneau, E. J. (2021). Responsible Behavior with Younger Children: Examining the Feasibility of a Classroom-Based Program to Prevent Child Sexual Abuse Perpetration by Adolescents. *Journal of Child Sexual Abuse*, 30(4), 461–481. <https://doi.org/10.1080/10538712.2021.1881858>

Steine, I. M., Winje, D., Nordhus, I. H., Milde, A. M., Bjorvatn, B., Grønli, J., & Pallesen, S. (2016). Langvarig taushet om seksuelle overgrep. *Tidsskrift for Norsk psykologforening*. <https://psykologtidsskriftet.no/vitenskapelig-artikkel/2016/11/langvarig-taushet-om-seksuelle-overgrep>

Steinkjer, B. (2015). Roller og ansvar i skole-hjem samarbeidet. I M. Andreassen., B. Steinkjer & Ø. Henriksen (Red.), *Forebygging.no*. Henta 10. mai 2022 frå <https://www.forebygging.no/Artikler/-2015/Roller-og-ansvar-i-skole-hjem-samarbeidet/#anker>

Straffeloven. (2005). *Lov om straff* (LOV-2005-05-20-28). Lovdata. <https://lovdata.no/lov/2005-05-20-28>

Søftestad, S. (2018). *Grunnbok i arbeid med seksuelle overgrep mot barn*. Universitetsforlaget

Taylor & Francis Group (u.å.). *Responsible Behavior with Younger Children: Examining the*

Feasibility of a Classroom-Based Program to Prevent Child Sexual Abuse Perpetration by Adolescents. Henta 15. mai 2022 frå

<https://doi.org/10.1080/10538712.2021.1881858>

Thoresen, S. & Hjemdal, O. K. (2014). *Vold og voldtekt i Norge: En nasjonal forekomststudie av vold i et livsløpsperspektiv* (Rapport 1/2014). NKVTS.

https://www.nkvts.no/content/uploads/2015/11/vold_og_voldtekt_i_norge.pdf

Zeuthen, K. & Hagelskjær, M. (2013). Prevention of Child Sexual Abuse: Analysis and

Discussion of the Field. *Journal of Child Sexual Abuse*, 22(6), 742–760.

<https://doi.org/10.1080/10538712.2013.811136>

8. Vedlegg

Vedlegg 1: Søkjelogg

Nedanfor finn ein oversikt over søkeord eg har brukt. Vidare ei oversikt over søkja i ulike databasar, før det kjem ein tydelegare oversikt over søkeloggen bak artiklane som er brukt i oppgåva.

Søkjeord

Oversikt over søkjeord eg har brukt, både på norsk og engelsk. Dei ulike søkjeorda er sett saman med «OR» og «AND».

	Søkeord 1	Søkeord 2	Søkeord 3	Søkeord 4
Norsk	Førebygge	«Seksuelle overgrep»	Barn	Skule
Engelsk	Prevent*	«Sexual abuse»	Child*, kids	School

Søk og funn i databasar

Oversikt over søka eg har gjort i dei ulike databasane.

Database / søkemotor / nettstad	Søk nr.	Søkeord/ søkekombinasjonar	Tall på treff (pr.)	Kommentarar til søk / treffliste (fyll ut etter behov)
Oria	1	Prevent* AND Child* OR kids AND «Sexual abuse» AND School	346	Avgrensa til: Fagfelleverderte tidsskrifter, 2018-2022. «Emne» på alle søkeord unntatt «school».

				Las gjennom dei 100 første overskriftene/samandraga. 15 av disse var relevante i første omgang.
SocINDEX	1	prevent OR prevention OR preventing OR forebygge AND "sexual abuse" OR "seksuelle overgrep" AND child* OR kids OR barn AND school OR skole	44	Avgrensa til Fagfelleverdert, 2019-2022. Expanders: Apply equivalent subjects. Narrow by SubjectThesaurus: prevention of child sexual abuse. Search modes: Boolean/Phrase Las gjennom overskrifter og samandrag. 7 artiklar relevante i første omgang.
	2	prevent* AND "sexual abuse" AND school AND (norway or sweden or denmark or finland or iceland or scandinavia)	18	Avgrensa til: Fagfelleverderte 1 artikkel var relevant.
Idunn	1	prevent* OR forebygging AND "sexual abuse" OR "seksuelle overgrep" AND child* OR kids OR barn AND school OR skole	38	Ingen relevante treff
Academic Search Elite	1	"sexual abuse" AND prevent* AND school AND child*	685	Avgrensa til: Peer Reviewed, Academic Journals, engelsk, 2015-2022. Las gjennom 50 første, 3 stk var relevante.
CINAHL	2	«child abuse, sexual», AND prevent* AND	84	Avgrensa til: 2010-2022,

	school* AND child or children or kids or youth		<p>Expanders: Apply equivalent subjects</p> <p>Source Types: <i>Academic Journals.</i></p> <p>Age: <i>child; 6-12 years</i></p> <p>Las gjennom overskrift og samandrag. 1 stk var relevant.</p>
--	--	--	--

Søkjelogg for artiklane i oppgåva

Namn på artikkel og Referanse	Database og søkeord
<p>Anne's Secret: Teaching Children to Protect Themselves from Child Sexual Abuse Using Animated Cartoons</p> <p>Rueda, P., Ferragut, M., Cerezo, M. V., Calvo, I. & Ortiz-Tallo, M. (2022). Anne's Secret: Teaching Children to Protect Themselves from Child Sexual Abuse Using Animated Cartoons. <i>Sexes</i>, 3(11), 134–140. https://doi.org/10.3390/sexes3010011</p>	<p>Academic Search Elite</p> <p>"sexual abuse" AND prevent* AND school AND child*</p>
<p>Prevention of Child Sexual Abuse: Analysis and Discussion of the Field</p> <p>Zeuthen, K. & Hagelskjær, M. (2013). Prevention of Child Sexual Abuse: Analysis and Discussion of the Field. <i>Journal of Child Sexual Abuse</i>, 22(6), 742–760. https://doi.org/10.1080/10538712.2013.811136</p>	<p>SocINDEX</p> <p>prevent* AND "sexual abuse" AND school AND (norway or sweden or denmark or finland or iceland or scandinavia)</p>

<p>Responsible Behavior whit Younger Children: Examining the Feasibility of a Classroom-Based Program to Prevent Child Sexual Abuse Perpetration by Adolescents</p> <p>Ruzicka, A. E., Assini-Meytin, L. C., Schaeffer, C. M., Bradshaw, C. P., & Letourneau, E. J. (2021). Responsible Behavior with Younger Children: Examining the Feasibility of a Classroom-Based Program to Prevent Child Sexual Abuse Perpetration by Adolescents. <i>Journal of Child Sexual Abuse</i>, 30(4), 461–481. https://doi.org/10.1080/10538712.2021.1881858</p>	<p>SociINDEX</p> <p>(prevent OR prevention OR preventing OR forebygge) AND ("sexual abuse" OR "seksuelle overgrep") AND (child* OR kids OR barn) AND (school OR skole)</p>
<p>School-Based Childhood Sexual Abuse Prevention Programs: An Integrative Review</p> <p>Fryda, C. M. & Hulme, P. A. (2015). School-Based Childhood Sexual Abuse Prevention Programs. <i>The Journal of School Nursing</i>, 31(3), 167–182. https://doi.org/10.1177/1059840514544125</p>	<p>CINAHL</p> <p>«child abuse, sexual», AND prevent* AND school* AND child or children or kids or youth</p>

Vedlegg 2: Kritisk vurdering av artiklane

Nedanfor kjem kritisk vurdering av kvar artikkel som er brukt. Alle spørsmål under er henta frå Aveyard (2019) sine seks spørsmål for kritisk tenking (s. 108).

Artikkel 1: Anne's Secret: Teaching Children to Protect Themselves from Child Sexual Abuse Using Animated Cartoons

Kor fann du informasjonen? Eg fann artikkelen i databasen Academic Search Elite.

Korleis veit du at den er av god kvalitet? Artikkelen er fagfellevurdert. Artikkelen er ein del av tidsskriftet *Sexes*.

Kortid blei den skrive? Artikkelen blei publisert i 2022 (Rueda et al., 2022).

Kva er det og kva er resultata/funna? Det er ein forskingsartikkel. I første omgang blei ein teikneserie, *Anne's Secret*, utvikla for å lære barn å søke hjelp i ein situasjon der dei er offer for seksuelle overgrep. Ei arbeidsbok blei også laga for å komplimentere videoen. Ei pilotevaluering, basert på teikneserien og arbeidsboka, har blitt utført for å sjå effektiviteten av undervisningsmetoden. Resultata frå ei gruppe av 36 barn mellom 8 til 10 år viste at målet med læringa blei oppnådd (Rueda et al., 2022).

Kven har skrive dette? Forfattarane av denne artikkelen er Pilar Rueda, Marta Ferragut, M. Victoria Cerezo, Isabel Calvo og Margarita Ortiz-Tallo. Rueda, Ferragut og Cerezo er ein del av undervisnings- og forskningsstaben ved Faculty of Psychology ved Universitetet i Málaga. Dei er alle forskarar, og har erfaring innan forskjellige emne. Ortiz-Tallo er fast professor ved Faculty of Psychology ved Universitetet i Málaga. Ho har lang forskingserfaring. Samtlege er ein del av Con.ciencia Association, som har som mål å studere og førebyggje seksuelle overgrep mot barn (MDPI, u.å.; Rueda et al., 2022).

Kvifor er det skrive? Førebygging mot seksuelle overgrep mot barn er viktig for å beskytte barn. På bakgrunn av at digitale media er meir og meir sentralt i barns liv, har forskarane her utvikla ein teikneserie med formål å lære barn å be om hjelp i tilfelle dei er offer av seksuelle

overgrep. Pilotstudie utførast for å teste effektiviteten av teikneserien og arbeidsboka (Rueda et al., 2022).

Artikkel 2: Prevention of Child Sexual Abuse: Analysis and Discussion of the Field

Kor fann du informasjonen? Artikkelen fann eg ved å søke i databasen SocINDEX.

Korleis veit du at den er av god kvalitet? Artikkelen er fagfellevurdert. Artikkelen er ein del av tidsskriftet *Journal of Child Sexual Abuse* (Zeuthen & Hagelskjær, 2013).

Kortid blei den skrive? I 2011 blei artikkelen levert, men den blei ikkje publisert på nett før i 2013 (Zeuthen & Hagelskjær, 2013).

Kva er det og kva er resultata/funna? Det er ein forskingsartikkel som tek føre seg og gjennomgår eksisterande forskingslitteratur om førebyggjande tiltak retta mot barn, foreldre og fagfolk. Dei organiserer forskingslitteraturen i tre kategoriar: CSA-førebyggjande tiltak, metaanalyse av CSA-førebyggjande intervensjonar og teoretiske modellar om førebygging og barnet. Gjennom systematisk analyse av litteraturen blei det funne at det var mangel på samanheng mellom teoretiske modellar og konkrete førebyggjande tiltak. Vidare gjer forfattarane også ein oversikt over aktuelle utfordringar og framtidige moglegheiter (Zeuthen & Hagelskjær, 2013).

Kven har skrive dette? Forfattarane er Katrine Zeuthen og Marie Hagelskjær, begge er ein del av University of Copenhagen, Danmark (Zeuthen & Hagelskjær, 2013).

Kvifor er det skrive? Forfattarane håpar at artikkelen kan inspirere land som er i startprosessen med å utvikle førebyggjande tiltak mot seksuelle overgrep mot barn, og generelt arbeidet med framtidige CSA-førebyggingsforskning (Zeuthen & Hagelskjær, 2013).

Artikkel 3: Responsible Behavior with Younger Children: Examining the Feasibility of a Classroom-Based Program to Prevent Child Sexual Abuse Perpetration by Adolescents

Kor fann du informasjonen? Eg fann artikkelen i databasen SocINDEX.

Korleis veit du at den er av god kvalitet? Den er fagfellevurdert. Artikkelen er ein del av tidsskriftet *Journal of Child Sexual Abuse*.

Kortid blei den skrive? Artikkelen er levert i 2020, og publisert i 2021.

Kva er det og kva er resultat/funna?

Det er ein forskingsartikkel. Forskarane har utvikla eit Responsible Behavior with Younger Children (RBYC) program som skal gje elevar i sjette og sjuande klasse, foreldra deira og lærarar kunnskap, ferdigheiter og verktøy for å forhindre å engasjere yngre barn i seksuell åtferd. Tilbakemeldingar etter programutvikling og ein pilot randomisert kontrollert studie (RCT) antyd at RBYC er relevant, velsmakande, framståande og brukbart for implementering (Ruzicka et al., 2021).

Kven har skrive dette? Forfattarane av artikkelen er: Amanda E. Ruzicka, Luciana C. Assini-Meytin, Cindy M. Schaeffer, Catherine P. Brandshaw og Elizabeth J. Letourneau. Blant anna er Ruzicka direktør for forskingsoperasjonar, Assini-Meytin er assisterande vitenskapsforskar og Letourneau er direktør, alle i Moore Center for Prevention of Child Sexual Abuse, Johns Hopkins Bloomberg School of Public Health, Baltimore, MD. Schaeffer er førsteamanuensis og barneklinsk psykolog ved University of Maryland og Brandshaw er professor og førsteamanuensis for forskning og fakultetsutvikling ved University of Virginia (Taylor & Francis Group, u.å.).

Kvifor er det skrive?

Forskarane har mål om at artikkelen skal beskrive korleis RBCY-programmet blei utvikla for å løyse bekymringar knytt til CSA-førebyggjande skulebaserte program. Vidare er også data om gjennomføring av programmet henta frå ei fokusgruppe bestående av lærarar, foreldre og elevar, og summert i artikkelen (Ruzicka et al., 2021).

Artikkel 4: School-Based Childhood Sexual Abuse Prevention Programs: An Integrative Review

Kor fann du informasjonen? Eg fann artikkelen gjennom eit elektronisk søk på CINAHL.

Korleis veit du at den er av god kvalitet? Artikkelen er fagfellevurdert, og er ein del av tidsskriftet *The Journal of School Nursing*.

Kortid blei den skrive? Artikkelen blei først publisert i 2014, seinare i 2015. Det første, og opphavlege søkje blei gjennomført i februar 2012, medan eit identisk søk blei gjennomført i desember 2013 for å oppdatere det opphavlege søkje. Forfattarane brukte fem litteraturstudiar frå 1997 til 2009, fire programbeskrivingar utan evalueringssdata frå 1984 til 2008 og 22 programbeskrivingar med evalueringssdata frå 1985 til 2012 (Fryda & Hulme, 2015).

Kva er det og kva er resultat/funna? Det er ein forskingsartikkel, som brukar litteraturstudie som metode. Forfattarane henta ut data frå 26 programbeskrivingar med og utan evalueringssdata, og 5 artiklar for å svare på forskingsspørsmålet. Resultata viste at dei fleste evalueringssstudiane fann betylege gevinstar i alle resultat som blei målt på kort sikt, og vedlikehald av kunnskapsgevinstar i dei studiane som gjennomførte oppfølging. Forfattarane påpeikar at dei fleste barn ikkje led av negative påverkingar etter undervisninga. Dei skriv også at ved første inspeksjon ser programma ut til å fungere, og gjer nokre fordelar for barn fordi dei tiltenkte resultat blei oppfylt (Fryda & Hulme, 2015).

Kven har skrive dette? Artikkelen er skriven av Candice M. Fryda og Polly A. Hulme. Fryda er ein del av University of Nebraska Medical Center, Omaha. Hulme er ein del av South Dakota State University, Brookings. Begge i USA (Fryda & Hulme, 2015).

Kvifor er det skrive? Artikkelen er skriven for å bestemme vitskapens tilstand på skulebaserte CSA-førebyggingsprogram. Den er spesielt retta mot helsesjukepleiarar for å implementere eit skulebasert førebyggingsprogram retta mot seksuelt overgrep mot barn (Fryda & Hulme, 2015).



Høgskulen på Vestlandet

Bacheloroppgåve

BSV5-300-BO-2022-VÅR-FLOWassign

Predefinert informasjon

Startdato:	02-05-2022 09:00	Termin:	2022 VÅR
Sluttdato:	16-05-2022 17:00	Vurderingsform:	Norsk 6-trinns skala (A-F)
Eksamensform:	Bacheloroppgåve		
Flowkode:	203 BSV5-300 1 BO 2022 VÅR		
Intern sensor:	(Anonymisert)		

Deltaker

Kandidatnr.:	458
---------------------	-----

Informasjon fra deltaker

Antall ord *:	7993
----------------------	------

Egenerklæring *: Ja

Jeg bekrefter at jeg har Ja registrert oppgavetittelen på norsk og engelsk i StudentWeb og vet at denne vil stå på vitnemålet mitt *:

Jeg godkjenner autalen om publisering av bacheloroppgaven min *

Ja

Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? *

Nei

Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? *

Nei